

Festidalen + Krafttak mot kreft = Frisøridalen

24.07.2016



Krafttak mot kreft under Festidalen: Frisøridalen

**Festidalen elskar goodtimes og hadde det vore opp til oss, så hadde det ikkje vore anna enn goodtimes og kjærleik kvar dag , heile året. Men slik er det ikkje alltid.**

**Festidalen har i år, saman med 10 fantastiske frisørar i kommunen, sett opp Frisøridalen.**

Frisøridalen er vår eigen frisørsalong som du finn laurdag 6.august på festivaljordet frå klokka 16:00 – 20:00. Her kan den glade festivalgjengaren ta turen innom for å få den ultimata festivalfrisyren. Ei kul flette, rosa hårtupper eller flotte krøller, you name it!

Det er opp til kvar og ein kor mykje ein vil betale, minstebeløp 100 kroner.

Det finaste med det heile er at alle inntekter går til Kreftforeningen.

Vi lovar topp stemning og mykje goodtimes!

Vi må få retta ein stor takk til frisørane som stiller opp og er med oss og gjer ein forskjel.

Tusen takk til:

Bodil på Karma Frisør,

Hilde og Kjersti på Husnes Frisør,

Klara, Ann-Christin, Cherry Mae og Camilla Helen på Zjakk Frisørsalong,

Cathrine og Monica på Harmoni Frisørsalong og

Viviann Hansen.

Vi digger dykk. #kjærleik

Vi kan ikkje Anna sei at vi gler oss til Festidalen, og til å sjå mange nypynta folk på jordet i Uskedalen.

Tekst: Festidalen v/Hege D. Lilleaas og Martha Korsvold Nerhus

Foto: Festidalen

Nett: Thor Inge Døssland